

Allsangen flyttar til sjøkanten

02.08.2011



Allsang i Gamleskulen, ved trubadurane Kristian og Reidar. Bjørg Hauge og Arnhild Myklebust svingar seg.

**Allsang er in for tida både i TV og andre stader og for få veker  
siden slo allsangen skikkeleg an i Gamleskulen under Cafe Tlaren.  
Det frista til reprise og laurdag klokka 16 kjem den, men då flytta ned  
til sjøkanten i tråd med restauranten sitt motto..**

**Systrene Nilsen er med andre ord staden og om det blir inne eller ute  
avheng av vertihøva.**

Dei lokale trubadurane Reidar Myklebust og Kristian Bringedal song og spela sist. Bringedal kjem att med trekkspellet, men no blir han assistert av Arne Siunde på bass og Ragnvald Myklebust på gitar. Det vil med andre ord danna ein god, gammaldags trio.

Det blir også eit innslag med deklamasjon ved Kjell Yri og ei lita markering av at uskedalen.no har halde det gåande i 5 år.

Med omsyn til songane blir dei kjente og kjære, lovar initiativtakarane som også fristar med enkel servering.

Det bør kunne bli ei triveleg ettermiddagsstund der fastbuande og tilreisande både får reinska strupene og teke seg ein svingom. Og ettersom det skjer ved sjøkanten, blir det vel også litt sjøsprøyte i songane?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen